



Protokoll

Studentparlamentsmøte 10.10.2022

Tid Mandag 10.10.22 kl 16.00-20.00. Middag 16, møtestart 16.30.
Stad Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 11

AHL	Sindre Rabben Tronstad Veronika Bjørdal Sæternes
AKF	Sissel Elin Ruset
AMF	Nikolai Skaug Kolstad Nina Skara Pettersen
ASH	Rakin Absar Arnob, Jenny Nystad Marte Lohne
FRI	Rikke Jenny Pettersen (AHL) Mohammed Abdukar (AMF) Simen Vederhus (AMF)
Meldt forfall:	Maher Othman (V ASH)

Til stades utan stemmerett

AU	Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferdsansvarleg), Severine Riise Eidem (infoansvarleg), Ammy Bolme (internasj. ansv.)
Ordstyrar	Irmelin Angell Losvik
Organisasjonskonsulent	Marit Aklestad (referent)
Andre møtande/ gjestar	Jonas Kumpch Eilertsen (V AHL), Simen Toverud (V AMF), Truls Bjørnstad (V AMF), Linnea Sundquist (V ASH), Joachim Selsbakk Hansen (V AHL)

Saksliste

Sak 01 – 22/23 V:	Konstituering Studentparlamentet 2022-2023	3
Sak 02 – 22/23 V:	2.1 Godkjenning av innkallinga	4
Sak 02 – 22/23 V:	2.2. Godkjenning av saksliste	4
Sak 02 – 22/23 V:	2.3 Godkjenning av referat frå møte 27.04.22	4
Sak 03 – 22/23 O:	Orienteringar	5
Sak 04 – 22/23 V:	Møteplan for Studentparlamentet 22-23	5
Sak 05 – 22/23 V:	Val av ny fagansvarleg	6
Sak 06 – 22/23 V:	Val av ny nestleiar	6
Sak 07 – 22/23 V:	Val av ordstyrar til Studentparlamentet 22-23	6
Sak 08 – 22/23 V:	Val av studentar til utval og nemnder ved HVO	7
Sak 09 – 22/23 D:	Høyring, ny UH-lov	9
Sak 10 – 22/23 D:	Arbeidsprogram 22-23	9
Sak 11 – 22/23 D:	Ekstrasak. Innspel til SiVolda, Elvegata 22	11
Sak 12 – 22/23 D:	Ekstrasak. Parkeringsplassar på høgskuleområdet	13

* V = vedtakssaker, O = orienteringssaker, D = diskusjonssaker

Sak 00:

Praktisk info om gjennomføring av møtet v/ leiar Trond-Fredrik Hoddevik

Sak 01 – 22/23 V: Konstituering Studentparlamentet 2022-2023

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

Namneopprop. 11 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Godkjenning av valresultatet

Ammy Bolme presenterte talmaterialet bak valresultatet og orienterte om valprosessen. Valdeltakinga var låg, men variert mellom avdelingane. Høgast deltaking på AMF og lågast på AHL.

Samansetjing av Studentparlamentet ved HVO 22-23:			
AHL – Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning			
Fast repr.	Sindre Rabben Tronstad	1.vara	Jonas Kumpch Eilertsen
Fast repr.	Veronica Bjørdal Sæternes	2.vara	Sølvi Hellevik
AKF – Avdeling for kulturfag			
Fast repr.	Sissel Elin Ruset	1.vara	Linn Jeanette Tennebekk
Fast repr.	Nikolai Skaug Kolstad	2.vara	Preben Rosenvinge
AMF – Avdeling for mediefag			
Fast repr.	Nina Skara Pettersen	1.vara	Truls Bjørnstad
Fast repr.	Rakin Absar Arnob	2.vara	Simen Toverud
ASH – Avdeling for samfunnsfag og historie			
Fast repr.	Jenny Nystad	1.vara	Bereket Tekle
Fast repr.	Marte Lohne	2.vara	Linnea Sundquist
Frie representantar (utjamningsmandat)			
Fast repr.	Rikke Jenny Pettersen	1.vara	Maher Othman
Fast repr.	Mohamed Abukar	2.vara	Joachim Selsbakk Hansen
Fast repr.	Simen Vederhus	3.vara	Liza Wilhelmina Nieuwenhuis

AU sitt forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram.
2. Studentparlamentet vel Irmelin Angell Losvik til ordstyrar på dagens møte
3. Studentparlamentet vel organisasjonskonsulent Marit Aklestad til referent for dagens møte
4. Studentparlamentet vel Andrine Kompen og Ammy Bolme til teljekorps for dagens møte

Votering: Det kom ingen endringsforslag. Forslaget til vedtak vart stemt over punktvis.

Vedtak (samrøystes):

1. Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram.
2. Studentparlamentet vel Irmelin Angell Losvik til ordstyrar på dagens møte
3. Studentparlamentet vel organisasjonskonsulent Marit Aklestad til referent for dagens møte
4. Studentparlamentet vel Andrine Kompen og Ammy Bolme til teljekorps for dagens møte

Sak 02 – 22/23 V: 2.1 Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Ordstyrar

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Merknad: Møtedatoen vart kunngjort mindre enn to veker på førehand, grunna at valet vart utsett ei veke.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 02 – 22/23 V: 2.2. Godkjenning av saksliste

Endringsforslag til sakslista

Det vart meldt inn 3 ekstrasaker:

- Innspel til SiVolda på bruk av Elvegata 22 (spelt inn av AU, sendt som ekstrasak på førehand)
- Mangel på parkeringsplassar på høgskuleområdet (spelt inn av parlamentet)
- Val av ordstyrar for parlamentsmøta 22-23 (spelt inn av AU. Hadde falle ut av lista ved ein glipp). Får saksnr. 7 og øvrige saker blir forskyvd.

Vedtak (samrøystes)

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet, inkludert 3 endringar:

- Ekstrasak: Innspel til SiVolda på bruk av Elvegata 22. (sak 11/22-23)
- Ekstrasak. Parkeringsplassar på Høgskuleområdet (sak 12/22-23)
- Ekstrasak: val av ordstyrar 22-23. (sak 7/22-23)

Sak 02 – 22/23 V: 2.3 Godkjenning av referat frå møte 27.04.22

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 27.04.22.

Sak 03 – 22/23 O: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggjar: Leiar

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- NSO haustkonferanse 28.-30.10.22. Trond-Fredrik og Severine deltek.
- NSO jobbar med statsbudsjettet, særleg opptatt av gratisprinsippet og forslaget om å innføre skulepengar for internasjonale studentar utanfor EU, som NSO vil jobbe for å stoppe.

Sak 04 – 22/23 V: Møteplan for Studentparlamentet 22-23

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Infoansvarleg

Informasjonsansvarleg Severine Riise Eidem la fram saka.

Debatten: det kom ingen endringsforslag.

Votering: samrøystes vedtatt.

Vedtak

Studentparlamentet sin møtekalender for 2022-23:

Oppstartshelg, Kjeldsund 01.-03.10.22

Møte nr 1: mandag 10.10.22

Møte nr 2: onsdag 02.11.22

Møte nr 3: onsdag 30.11.22

Juleavslutning fredag 02.12.22

Møte nr 4: onsdag 25.01.23

Møte nr 5: onsdag 01.03.23

Møte nr 6: onsdag 29.03.23

Møte nr 7: onsdag 26.04.23

Sommaravslutning fredag 05.05.23

Sak 05 – 22/23 V: Val av ny fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg

Velferdsansvarleg Andrine Kompen orienterte om vervet, og det vart opna for spørsmål.

Desse stilte til val: Nina Skara Pettersen.

Votering: akklamasjon.

Vedtak: Nina Skara Pettersen vart vald til ny fagansvarleg i AU for studieåret 22-23.

Merknad: Nina Skara Pettersen er fast representant for AMF. Når ho trer inn i AU ved møteslutt, vil Truls Bjørnstad rykkje opp til fast representant AMF, Simen Toverud rykkjer opp til 1. vara, og det blir eit ledig verv som 2. vara for AMF. AU innstiller på ny 2. vara til AMF på neste møte.

Sak 06 – 22/23 V: Val av ny nestleiar

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

Internasjonalt ansvarleg Ammy Bolme orienterte om vervet, og det vart opna for spørsmål.

Desse stilte til val: Severine Riise Eidem

Votering: akklamasjon.

Vedtak: Severine Riise Eidem vart vald til nestleiar i Studentparlamentet 22-23

Sak 07 – 22/23 V: Val av ordstyrar til Studentparlamentet 22-23

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Ordstyrar

Ordstyrar Irmelin Angell Losvik orienterte om vervet, og det vart opna for spørsmål.

Desse stilte til val: Rikke Jenny Pettersen

Votering: akklamasjon.

Vedtak: Rikke Jenny Pettersen vart vald til fast ordstyrar for Studentparlamentet 22-23

Merknad: Rikke Jenny Pettersen er fast representant FRI. Når ho trer inn i vervet som ordstyrar, går ho ut av parlamentet. Dermed rykkjer Maher Othman opp til fast representant FRI, Joachim Selsbakk Hansen blir 1. vara, Liza Nieuwenhuis blir 2. vara, og det blir ledig verv som 3. vara FRI. AU innstiller på ny 3. vara på neste møte.

Sak 08 – 22/23 V: Val av studentar til utval og nemnder ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg

Velferdsansvarleg Andrine Kompen orienterte om verva og det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Studentparlamentet valde følgjande studentar i utval og nemnder:

Utval	Studentrepresentasjon	Desse stilte til val	Desse vert valde
Utdannings-utvalet	2 faste og 2 vara Fagansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Mohamed Abukar Severine Riise Eidem (V1) Ammy Bolme (V2)	1. Fagansvarleg i AU Nina Skara Pettersen 2. Mohamed Abukar Vara: 1. Severine Riise Eidem 2. Ammy Bolme
Internasjonalt utval	2 faste og 2 vara. Internasjonal ansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Rakin Absar Arnob Linnea Sundquist (V1) Rikke Jenny Pettersen (V2)	1. Internasjonal ansvarleg i AU Ammy Bolme 2. Rakin Vara: 1. Linnea Sundquist 2. Rikke Jenny Pettersen
Læringsmiljø-utvalet (LMU)	4 faste og 4 vara. Velferdsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 3 faste representantar og 4 vara	Veronica Bjørdal Sæternes Nikolai Skaug Kolstad Joachim Selsbakk Hansen Sindre Rabben Tronstad V1 Marte Lohne V2 Simen Vederhus V3 Ammy Bolme V4	1. Velferdsansvarleg i AU Andrine Kompen 2. Nikolai Skaug 3. Joachim 4. Veronica Vara: 1. Sindre Rabben Tronstad 2. Marte Lohne 3. Simen Vederhus 4. Ammy Bolme
Tilsetjingsutval for undervisnings- og forskningstillingar (TUFO)	2 faste og 2 vara Leiar for AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Ammy Rikke Jenny Nystad V	1. Leiar i AU Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik 2. Ammy Bolme Vara: 1. Rikke Jenny Pettersen 2. Jenny Nystad
Forsking-utvalet	2 faste og 2 vara. SP vel 2 faste representantar og 2 vara	Linnea Sundquist Sissel Elin Ruset Simen Vederhus V1 Marte Lohne V2	1. Linnea Sundquist 2. Sissel Elin Ruset Vara: 1. Simen Vederhus 2. Marte Lohne

Valstyret	2 faste og 2 vara Informasjonsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	Sissel Elin Ruset Nikolai Skaug Kolstad Sindre Rabben Tronstad V	1. Infoansvarleg i AU Severine Riise Eidem 2. Nikolai Skaug Kolstad Vara: 1. Sissel Elin Ruset 2. Sindre Rabben Tronstad
Klagenemnda	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	Truls Tronstad Veronica Bjørdal Sæternes Joachim Selsbakk Hansen V1 Jenny Nystad V2	1. Truls Tronstad 2. Veronica Bjørdal Sæternes Vara: 1. Joachim Selsbakk Hansen 2. Jenny Nystad
Sikkanemnda	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	Sindre Rabben Tronstad Linnea Sundquist Jonas Kumpch Eilertsen Rikke Jenny Pettersen Joachim Selsbakk Hansen	1. Jonas Kumpch Eilertsen 2. Rikke Jenny Pettersen Vara: 1. Sindre Rabben Tronstad 2. Linnea Sundquist

Miljøfyrtårn:

Studentparlamentet skal velje inntil to studentar til HVO si arbeidsgruppe for Miljøfyrtårn.

Desse stilte til val: Linnea Sundquist

Votering: akklamasjon

Vedtak: Linnea Sundquist vart vald til arbeidsgruppa for Miljøfyrtårn

Julebordkomite for Studentparlamentet:

Det opp til Studentparlamentet kor mange som blir med. Datoen er sett til fredag 2. desember

Desse ønskte å delta: Nina Skara Pettersen, Rikke Jenny Pettersen, Linnea Sundquist, Nikolai, Skaug Kolstad og Sissel Elin Ruset

Votering: akklamasjon

Vedtak: Nina Skara Pettersen, Rikke Jenny Pettersen, Linnea Sundquist, Nikolai, Skaug Kolstad og Sissel Elin Ruset blir med i julebordkomiteen saman med velferdsansvarleg Andrine Kompen i AU.

Sak 09 – 22/23 D: Høyring, ny UH-lov

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggjar: Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik orienterte om høyinga for ny UH-lov som KD har ute no, og kva tema AU meiner det er viktig at Studentparlamentet uttaler seg om. Høyringsfristen er 14.10.22.

Debatten: Ingen motførestillingar mot at AU ferdigstiller utkast til høyringssvar, basert på blant anna Høgskulen i Volda og Studenttinget på Vestlandet sine innsende høyringssvar.

Votering: samrøystes.

Vedtak

Studentparlamentet gir AU i oppgåve å ferdigstille høyringssvar til ny UH-lov på vegne av Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.

Sak 10 – 22/23 D: Arbeidsprogram 22-23

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggjar: Leiar

Leiar Trond-Fredrik H. Hoddevik orienterte om det årlege arbeidsprogrammet, der Studentparlamentet definerer hovudområder og saker som Studentparlamentet vil prioritere å jobbe med dette året.

Studentparlamentet jobba i grupper med innspel til det nye programmet gjennom det digitale verktøyet Padlet. Nokre av innspela:

Studentvelferd og sosiale møteplassar

- Fleire lågterskeltilbod på HVO som spelekveldar, mat&prat,
- Halde fram med lågterskeltilbod på Rokken utan alkohol, som strikkekveld, xlm-kveldar, brettspel, skrivestunder som kan vere av interesse for nye studentar etc.

Utdanningskvalitet

- Konkretiser punktet om deltaking i studiebarometeret og SHoT-undersøkelsen. Kva skal vi bidra med? Må vere meir konkrete enn å seie at vi skal bidra
- Gjere videoopptak av førelesningar tilgjengelege for studentar når dei er gjennomført

Språk og formuleringar

- Bruk klarare formuleringar
- Konkretiser når og korleis saker skal jobbast med
- Ordval som «jobbe for» og arbeide med» manglar konkretiseringar.
- Nokre av undertitlane i arbeidsprogrammet er tunge og lite intuitive

Promotering og kommunikasjon

- Utvikle strategi for å nå studentar, høgare deltaking i studentpolitikken. Kampanjar etc. Jobbe for å få ned terskelen for å engasjere seg, vere representant.
- Betre kommunikasjon mellom representantar og studentar
- Nå dei som ikkje er på campus, studentar i praksis og linjer som er lite på campus
- Jobbe for å nå dei som er på skulen men dreg rett heim etter undervsining
- Ha stand m.m. på Kaarstad, ikkje berre BK som utgangspunkt for det som skjer
- Meir fysisk info i klassene ved AU, studieleiar eller tillitsvalde
- Synleg i Peikestokken?
- FB-gruppe for tillitsvalde

AU tek med innspela vidare i utarbeiding av forslag til nytt arbeidsprogram som vil bli lagt fram på neste møte.

Sak 11 – 22/23 D: Ekstrasak. Innspel til SiVolda, Elvegata 22

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggjar: Ordstyrar

Ordstyrar Irmelin Losvik orienterte om saka, og parlamentet jobba gruppevis med innspel gjennom Padlet på kva SiVolda kan bruke Elvegata 22 til. Ein gjengangar blant innspela, var å få på plass ein form for lågterskel sosial møtestad for studentar. Innspela oppsummert:

Sosial samlingsplass for studenter

- Biljard, shuffleboard, airhockey
- Tilgang til microbølgeovn, tekjækken
- Sosiale kroer, sofakrok,orstue
- Studiekafe, sosial oppholdsplass
- Sosialt sted å studere på dagtid
- Lavterskel drivhus og planter/blomster. Litt kos å ha å dille med som avslappende aktivitet. Kan ha logg over vanning/luking som føres av studenter.
- strikketøy, tegnesaker (ala barneskole/barnehage, ingenting dyrt), brettspill,
- Vandrebibliotek (på eget ansvar, kan kvitte seg med bøker man ikke vil ha lengre eller finne nye, spennende bøker),
- Bordtennis
- Brettspill og digitale spill (nintendo, xbox osv.)
- Saccosekker

Lokaler til ulike arrangementer, aktiviteter i studentenes regi

- Studentloppemarked, byttemarked
- Høytalere til musikk

Film, gaming

- Filmskjerm – kinokvelder
- Student-LAN
- Samle studenter med gaminginteresse
- Xbox, nintendo osv.
- God nettilgang/fiber
- Filmkveld
- Projektor / TV

Utleielokale for studenter

- Mulig å få leie lokalet for lukka lag slik at en kan arrangere klasse miljøfremmende arrangement. Eks. julebord, sommeravslutning, spillkveld, strikkekveld etc.

Praktisk:

- Trenger fotgjengerovergang!
- Bruke studentkortet for enkel tilgang for alle studenter

Trening

- Styrkerom VSI
- Yoga
- Danserom/kurs. Kan arrangeres av meg!
- Dele bygget med et treningsrom og et fellesareal
- boksesekk (for psykisk helse)
- Treningsrom, helt enkelt som vil si benkpress osv.

Musikk og teater

- Instrumenter som gitar, piano/keyboard, tamburin, blokkfløyte (på egen risiko) tilgjengelig
- Blackbox, øvingsrom for kulturfag

Studentorganisasjoner

- Fri tilgang/booking/gratis leie for studentorganisasjoner
- Møterom for studentorganisasjoner som er litt koseligere enn et klasserom. Trenger storskjerm, men også kjøkkenfaciliteter.
- Møterom/eventrom

Annet

- Sansehus
- Paintball
- Område for bønn for religiøse studenter

AU vil sende innspela til Studentsamskipnaden i Volda.

Sak 12 – 22/23 D: Ekstrasak. Parkeringsplassar på høgskuleområdet

Type sak: Diskusjonssak
Saksframleggjar: Jenny Nystad

Jenny Nystad tok opp saka om at det er lite parkeringsplassar på campus, og at mange av dei som er der, er mellombelse. Kva skjer når Volda Campus Arena utvidar med symjehall? Og er det tenkt parkeringskjellar under det nye innovasjonssenteret som skal erstatte Aasen?

Debatten:

- Fleire studentar opplever også at deira private parkering blir tatt av andre.
- Mangel på parkering for studentar er eit reelt problem
- Bør ha ei gå- og sykkelkampanje, få ned unødvendig køyring
- Uklart kva som er planen når byggjing av symjehallen startar
- Uklart om det blir meir parkering ved IB når deler av bygget skal rivast
- Uklart korleis parkering er planlagt ved/under innovasjonssenteret
- Uklart om det forsvinn parkering ovanfor Kaarstad når der kjem eit nytt leiligheitskompleks
- Uklart om parkeringskjellaren under Campus Arena er kjent for studentar flest
- Uklart om parkeringskjellaren under Campus Arena kan reknast som del av studentar og tilsette ved HVO si parkering.

AU vil følgje opp og kome tilbake til Studentparlamentet med ei sak der vi får meir fakta på bordet før Parlamentet evt går vidare med saka.

Møtekritikk etter formell møteslutt

Til orientering blir møtekritikken ikkje referert i protokollen, men innspela blir tatt med i AU si møteevaluering og førebuingar til neste møte.

Møteslutt kl 20.